

**Sak 07 / 2017 Representantskapet / vedtak i representantskapsmøte 03.10.2017**  
**Sak 18 / 2017 (handsama i styremøtet 05.09.2017)**

Føresegn for innsamling og handsaming av hushaldsavfall, tøming av slamskiljarar, privet, tette tankar mv. og for avfallsgebyr for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje i Telemark.

**Opphavleg:**

Fastsett av Kviteseid kommunestyre 17. juni 1999, Vinje kommunestyre 29. juni 1999, Fyresdal kommunestyre 26. august 1999, Seljord kommunestyre 2. september 1999 og Tokke kommunestyre 6. september 1999 med heimel i *Lov om vern mot forureiningar og om avfall* (forureiningslova) av 13. mars 1981 nr. 6, § 26 tredje ledd, § 29, § 30 andre og tredje ledd, § 33, § 34 og § 83, og *Lov om helsetjenesten i kommunene* av 19. november 1982 nr. 66, kap. 4a. Endra 16 feb. 2006 nr. 314 (heile føresegna kunnngjort).

Dato FOR-1999-09-06-1570

Publisert II 2000 53

Gjeld frå 1.1.2000

Sist endra [FOR-2006-02-16-314](#) frå 1.1.2006

Endrar [FOR-1995-03-30-1210](#)

Gjeld for Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje kommunar, Telemark.

Heimel [LOV-1981-03-13-6-§26](#), [LOV-1981-03-13-6-§29](#), [LOV-1981-03-13-6-§30](#), [LOV-1981-03-13-6-§33](#), [LOV-1981-03-13-6-§34](#), [LOV-1981-03-13-6-§83](#), [LOV-1982-11-19-66](#)

Kunnngjort

Korttittel Forskrift om avfall mv., Telemark

**Høyring**

Dato 9.10.2017

Høyringsperiode 9.10 - 31.10.2016

Gjeld frå 1.1.2018

Sist endra [FOR-2006-02-16-314](#) frå 1.1.2006

Endrar [FOR-1995-03-30-1210](#)

Gjeld for Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje kommunar, Telemark.

Heimel [LOV-1981-03-13-6-§26](#), [LOV-1981-03-13-6-§29](#), [LOV-1981-03-13-6-§30](#), [LOV-1981-03-13-6-§33](#), [LOV-1981-03-13-6-§34](#), [LOV-1981-03-13-6-§83](#), [LOV-1982-11-19-66](#)

Kunnngjort Vest-Telemark Blad, Telemarksavisa, Varden og heimesider til eigarkommunane samt Renovest IKS

Korttittel Føresegn om avfall mv., Telemark

**Del I Avfall**

**§ 1 Mål for avfallssektoren**

Føresegna har som mål å sikre miljømessig, økonomisk og helsemessig forsvarleg oppsamling, innsamling, transport, attvinning og slutthandsaming av forbruksavfall.

**§ 2 Verkeområde**

Føresegna omfattar alle registrerte grunneigedomar der det oppstår hushaldsavfall, medrekna kvar enkelt seksjonerte del av bygning og kvar enkelt sjølvstendige brukseining i bygning.

Som sjølvstendig brukseining i bygning som ikkje er seksjonert, skal alltid kvar enkelt bustad med eige kjøken reknast likt med sjølvstendig brukseining som har inntil to hyblar med felles kjøken. Utover to hyblar som deler felles kjøken, vert det rekna ei brukseining per to hyblar.

Kommunen avgjer i tvilstilfelle kva som skal reknast som sjølvstendig brukseining i bygning som ikkje er seksjonert.

Føresegna gjeld også for hytter og fritidseigedomar, medrekna permanent oppsett campingvogn.

Med permanent meiner ein her oppstilling på same oppstillingsområde i fire månader eller meir per år. Campingvogn plassert på lagerplass vert ikkje rekna som permanent oppstilt den tida den står på lager, og det i tillegg kan dokumenterast at den ikkje er i bruk.

Denne føresegna gjeld kjeldesortering, innsamling, oppsamling og transport av hushaldsavfall.

I tillegg omfattar føresegna oppsamling, innsamling og transport av farleg avfall frå hushald, viss mengda ikkje overstig den grensa som til kvar tid gjeld i føresegn om farlig avfall.

Føresegna gjeld også avfallsgebyr.

Styret i Renovest IKS kan gje nærare retningsliner for gjennomføring av føresegna sine reglar.

### § 3 Definisjonar

1. *Avfall* (jf. forureiningslova § 27) er i denne føresegna kasserte lausøyregjenstandar eller stoff. Som avfall reknar ein og overfløydige lausøyregjenstandar og stoff frå tenesteyting, produksjon og reinseanlegg m.m. Avløpsvatn og avgassar vert ikkje rekna som avfall. Forureiningslova deler vidare avfallet inn i kategoriane hushaldsavfall, næringsavfall og farleg avfall.
2. *Hushaldsavfall* er avfall frå private hushald (gjeld og hytter/fritidsbustader) og større gjenstandar som inventar o.l.
3. *Næringsavfall* er avfall frå offentlege og private verksemder og institusjonar.
4. *Farlig avfall* er avfall som ikkje er teneleg å handsame saman med anna hushaldsavfall eller næringsavfall fordi det kan føra til alvorleg forureining eller fare for skade på menneske eller dyr.
5. *Smitte-/risiko- og/eller problemavfall* som er smittefarleg, avfall frå sjukehus, sjukeheimar, lækjarkontor, tannlækjarkontor, veterinærar og liknande. Ordningane omfattar ikkje patologisk avfall.
6. *Matavfall* er matrestar frå vanlige hushald og storhushald, dvs. avfall frå produksjon, servering og sal av mat og matvareprodukt, samt restar etter måltid.
7. *Våtorganisk avfall* er lett nedbrytbart organisk avfall, t.d. matavfall, planterestar, hageavfall, kattesand og vått hushaldspapir.
8. *Restavfall* er avfall det ikkje er oppretta egne sorteringsordningar for. Dette er avfall som vert igjen etter kjeldesortering og sentralsortering av hushalds- og næringsavfall, og som skal leverast til forbrenningsanlegg eller avfallsdeponi som har løyve for mottak av slikt avfall.
9. *Abonment* er eigar eller festar av eigeidom eller bueining ( herunder privathushald, hytter og fritidsbustader) som vert omfatta av denne kommunale renovasjonsordninga.

10. *Oppsamlingseining* for avfall er container, behaldar eller sekk. Renovest vedtek val av type og utforming.
11. *Hentestad* er staden der oppsamlingseining(ar) er plassert.
12. *Kjeldesortering* er å sortera ulike fraksjonar frå kvarandre.
13. *Tømeffrekvens* er talet på tømingar av oppsamlingseininga innanfor eit fastsett tidsrom.
14. *Felles oppsamlingsutstyr* er når fleire bueiningar slår seg saman om oppsamlingsutstyr.
15. *Miniabonnement* er eit abonnement med berre éin fastbuande person i huslyden.
16. *Returpunkt* er ubemanna oppsamlingsstad der publikum kan levera ein eller fleire avfallsfraksjonar, til dømes glas, papir, tøy osv.
17. *Gjenvinningsstasjon* er eit spesielt tilrettelagt område med organisert oppsamling av sortera avfall. Gjenvinningsstasjonane er bemanna.
18. *Hentesystem* er eit system der kjeldesortera avfall vert henta av godkjent avfallsinnsamlar.
19. *Leveringssystem* er eit system der publikum sjølv leverar sitt kjeldesorterte avfall til ein mottaksplass, t.d. eit returpunkt eller ein gjenvinningsstasjon.
20. *Storhushald* er hotell, restaurant/kafé, institusjonskjøkken, mindre produsent av heil- og halvfabrikata, matvareforretning, kantine o.l.
21. *Kompostering* er biologisk nedbryting og stabilisering av organisk avfall med lufttilgang.
22. *Transportveg* er veg mellom hentestad og køyrerute. Slike vegar skal gje problemfri transport av oppsamlingseiningane og vera fri for trapper og andre hindringar som sykklar, barnevogner, klessnorer o.l.
23. *Hybel* er bueining for utleige med eige kjøken eller felleskjøkken og mindre enn 40 m<sup>2</sup> bruksareal.
24. *Leilegheit* er bueining  $\geq 40$  m<sup>2</sup> med stove, kjøken (eller kjøkenkrok) og soverom frådelt.
25. *Fritidsbustad* er hus som vert nytta som hytte. Gjeld også våningshus på fråflytta gardsbruk.

#### **§ 4 Kommunal innsamling av avfall**

##### *Lovpålagt innsamling av hushaldsavfall*

I kommunen er det lovpålagt innsamling av hushaldsavfall, jf. lov 13. mars 1981 nr. 6, om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova). Alle eigedommar mv. som fell innanfor § 2 i denne føresegna er omfatta av denne avfallsordninga.

Kommunen kan etter grunngjeven, skriftleg søknad gje dispensasjon for særskilte eigedomar. Gjeldande fritaksgrunnar står i § 20 og §25.

Utan skriftleg løyve frå kommunen kan ingen samle inn hushaldsavfall i kommunen.

Det er ikkje tillate å leggje frå seg avfall utanom godkjent avfallsanlegg. Det er heller ikkje tillate å brenne avfall utanom godkjent anlegg, slik at det kan føra til fare for forureining eller hygieniske ulemper for omgjevnadene. Det er heller ikkje tillate å grave ned eller leggje frå seg avfall o.l. i naturen.

##### *Kommunal renovasjon*

Den kommunale renovasjonsordninga omfattar hushaldsavfall.

Renovest IKS har ansvaret for å samle inn hushaldsavfall som er omfatta av denne føresegna. Renovest IKS kan gje løyve til at andre står for gjennomføringa av renovasjonen.

Ordinær renovasjonsavgift startar ved ferdigstilling eller seinast eitt år etter at byggjeløyve er gjeve.

#### Bygningsavfall

Bygningsavfall som oppstår ifm. nybygg og rehabilitering skal leverast til bemanna mottak.

#### *Smitte- og risikoavfall*

Det er ikkje tillate å levera smitte/risikoavfall frå helseinstitusjonar (lækjarkontor, tannlækjarkontor o.l.) innblanda i anna avfall til kommunal avfallsordning, jamfør eiga føresegn. Smitte-/risikoavfallet skal kjeldesortrast og leverast separat til godkjent innsamlingsordning. Kommunen si innsamlingsordning omfattar ikkje smitte-/risikoavfall.

#### *Farleg avfall*

Renovest IKS skal syta for at det eksisterer eit dekkjande tilbod for mottak av farleg avfall frå hushald og verksemder, jamfør føresegn om farleg avfall.

For farleg avfall frå hushald tilbyr kommunen eiga innsamlingsordning eller mottak ved gjenvinningsstasjonar og bemanna mottak.

For farleg avfall frå verksemder tilbyr Renovest IKS mottak ved eigen mottaksstasjon på Brunkeberg avfallsmottak mot betaling.

### **§ 5 Avfall som ikkje er omfatta av kommunal innsamling**

Næringsavfall er ikkje omfatta av lovpålagt kommunal avfallsordning. Slikt avfall skal leverast til lovleg avfallsmottak med mindre det skal attvinnast eller brukast på annan måte. Brenning av næringsavfall er berre tillate i godkjente anlegg.

Avfallseigar må sjølv syta for å levera farleg avfall og næringsavfall til godkjent anlegg for handsaming eller til anna godkjent slutthandtering.

For næringsavfall som det passar å samle inn saman med hushaldsavfall, kan Renovest IKS tilby slik innsamling.

For dei fleste avfallstypar som ikkje vert omfatta av den påbodne avfallsordninga, tilbyr Renovest IKS mottak på sine gjenvinningsstasjonar og sorteringsanlegg.

Renovest IKS kan og, der dette passar, tilby eiga innsamling av næringsavfall.

### **§ 6 Krav til sortering mv. av avfallet**

Abonnentar som er med i lovpålagt, kommunal avfallsordning, pliktar å kjeldesortera avfallet i dei avfallsfraksjonar Renovest IKS etablerar innsamlings- og mottaksordningar for. Avfall levert til kommunal avfallsordning, kan verta manuelt sortert/kontrollert av Renovest IKS. Abonnenten er sjølv ansvarleg for at avfall han vil halde konfidensielt er makulert.

#### *Hentesystemet*

Alle abonnentar som inngår i lovpålagt kommunal avfallsordning, skal kjeldesortera avfallet-

Fraksjonane skal haldast skilde og leggjast i eigne oppsamlingseiningar hjå kvar abonnent.

For nærare opplysningar om tømmefrekvensar og liknande viser ein til eigen renovasjonskalender frå Renovest IKS. Renovest IKS kan gjera endringar i utval og tal fraksjonar.

#### *Leveringssystemet*

Anna avfall skal leverast til returpunkta, eller til attvinningsstasjonane. Renovest IKS kan gjera endringar i utval og tal på fraksjonar på mottaka.

Hushaldsavfall som er for stort eller tungt til å kunne leggjast i oppsamlingseiningane hjå kvar abonnent skal leverast til bemanna attvinningsstasjon.

Farleg avfall frå husstandar som går inn i kommunal avfallsordning, kan leverast på miljøstasjonane eller ved bemanna avfallsmottak (attvinningsstasjon).

### **§ 7 Kompostering**

Hage-/parkavfall går ikkje inn i hushaldsavfallet. Abonnentar som har eigen godkjent kompostbinge for kompostering av matavfall, kan inngå kontrakt med kommunen om heimekompostering. Dei abonnentar som teiknar slik kontrakt og på denne måten reduserer si eiga avfallsmengd, får ein reduksjon i avfallsgebyret, om abonnenten ikkje legg matavfall i oppsamlingseininga. Abonnenten må sjølv skaffe behaldar. Det er ein føresetnad at komposteringa skjer på ein hygienisk tilfredsstillande måte, som ikkje trekkjer til seg skadedyr, gjev sigevatn, vond lukt eller verkar sjenerande for omgjevnadene. Tilvisingar frå kommunen skal fylgjast, og det kan verta ført kontroll med at kontrakten vert etterlevd.

Heimekompostabonnement kan berre godkjennast etter skriftleg søknad og skriftleg avtale med kommunen. Abonnentar som har gjødselkjellar som er i bruk kan nytte denne som kompostbinge.

### **§ 8. Oppsamlingseiningar**

Alle oppsamlingseiningar er Renovest IKS sin eigedom, og har ansvar for innkjøp og utplassering. Einingane er av slik type og tilstand at avfallet er sikra mot rotter og andre skadedyr. Renovest IKS avgjer når ei eining må reparerast eller fornyast, og står for reparasjon og utskifting etter behov ved normal slitasje. Kvar einskild eining er registrert på den einskilde eigedom og fylgjer denne.

Unntak er spesialbeholdarar, som må kostast og er eigd av abonnenten. Spesialbeholdarar må godkjennast av Renovest IKS.

Abonnentar kan av Renovest IKS verta pålagte å nytte felles behaldarar.

### **§ 9. Plassering av oppsamlingseiningar og krav til vegstandard**

#### *Generelle vilkår*

Alle oppsamlingseiningar må plasserast slik at dei ikkje gjev hygieniske ulemper eller er til sjenanse (dvs. praktisk og estetisk) for andre, korkje ved oppbevaring, bruk eller i samband med tøming. På hentestaden skal behaldaren plasserast lett tilgjengeleg på eit plant og fast underlag på bakkenivå. Det skal setjast av nok areal til plassering og handtering av behaldarane. Einingane skal plasserast slik at renovatør er sikra mot ulemper frå husdyr. Dersom plasseringa av ei oppsamlingseining utgjer ein skaderisiko, forringar renovatøren sitt arbeidsmiljø eller fører til andre

ulempar, kan Renovest IKS krevje at einingane vert flytta eller at abonnenten set i verk tiltak for å fjerne ulempene.

#### *Konkrete vilkår*

Hentestaden skal liggje ved køyrbar veg og vera lett tilgjengeleg. I periodar med is og snø må tilkomstveg, transportveg og hentestad vera rydda for snø, strøydd og utan fare for takras. Renovest IKS kan i motsett fall påleggje flytting av oppsamlingseiningane.

Ved tre eller fleire abonnentar, og der vegstandarden stettar krava under, skal avfallet verta henta.

#### *Vegstandardar*

A) Vegen må vera farbar for køyretøy som stettar krav fastsett av Renovest IKS.

B) Renovest IKS eller transportør står ikkje ansvarleg for skade på veg pga. dårleg standard.

Alle vegar skal godkjennast av Renovest IKS.

I periodar med is og snø må privat tilkomstveg, transportveg og hentestad vera rydda for snø og sandstrødd, og utan fare for takras o.l. Renovest IKS kan i slike periodar påleggje ei anna plassering av oppsamlingseiningane enn det som krevjast resten av året.

Privat tilkomstveg, transportveg, utforming av hentestad, søppelrom etc. skal godkjennast av Renovest IKS.

Bruk av privat tilkomstveg skal regulerast med skriftleg avtale mellom Renovest IKS og vegeigar/dei som har vegrett.

#### **§ 10. Bruk av oppsamlingseiningar for hushald**

Oppsamlingseiningar må berre nyttast til oppsamling av avfall som er omfatta av denne føresegna, og skal ikkje innehalde gjenstandar som kan utsetja renovatøren for fare eller ulempe under handteringa.

Skarpe eller knuselege gjenstandar, sprøytespissar mv. skal vera forsvarleg innpakka før plassering i behaldar/sekk. Varm oske må avkjølast heilt før ho vert emballert og lagt i behaldar/sekk.

Flytande avfall skal ikkje leggjast i behaldaren. I behaldaren må det vidare ikkje leggjast større metallgjenstandar, stein og jord, hageavfall, sand/grus eller bygningsavfall.

I behaldaren må det heller ikkje leggjast etsande, eksplosivt eller sjølvtenneleg avfall.

Farleg avfall skal ikkje leggjast i behaldaren. Opplysningar om kvar slikt avfall kan leverast kan ein få ved å vende seg til kommunen/Renovest IKS. Ein viser og til §§ 4 og 5 i denne føresegna. I tvilstilfelle skal kommunen/Renovest IKS kontaktast på førehand.

Einingar for kjeldesortert avfall skal berre innehalde den type avfall som Renovest IKS til ei kvar tid bestemmer.

Alt avfall som vert sett fram til tømning skal liggje i godkjent oppsamlingseining som ikkje er fylt meir enn at loket lett kan leggjast på. Sekkar skal ha ei fri fyllingshøgde på 20 cm og maksimal vekt på 20 kg.

Det er abonnenten sitt ansvar å syta for naudsynt reinhald av oppsamlingseiningane og hentestaden. Behaldarar som er komne bort eller øydelagde utover normal slitasje, skal erstattast økonomisk av abonnent.

Abonnenten må setja fram rett behaldar til hentestaden innan kl. 07.00 tømmedagen for å kunne krevje innsamling. Dette gjeld og dei abonnentane med avstand meir enn 10 meter frå køyleruta.

Renovest IKS kan påleggje den einskilde abonnenten å auke volumet på oppsamlingseining(ane) dersom dette synest naudsynt for å sikre god nok sortering av avfallet eller for å hindra at avfallet vert oppbevara eller handtert på ein uheldig måte.

Renovest IKS er ikkje forplikta til å tømme oppsamlingseiningar som vert bruka i strid med denne føresegna.

### **§ 11. Bruk av oppsamlingseiningar for hytter og fritidsbustader**

Renovest IKS skal syta for naudsynt reinhald av behaldarar og hente-/oppstillingsstad for behaldarar til bruk for hytter og fritidsbustader.

Behaldarar som er utplasserte og merkte for hytter, skal berre nyttast av brukarar av hytter og fritidsbustader.

Dei som leverar til hyttereturpunkt må sortera i dei einingar som det er sett ut sortering for. Større avfallsfraksjonar som møblar, kvitevarer, farleg avfall og byggje- og rivingsavfall må leverast til bemanna mottak.

Elles gjeld dei andre vilkåra i denne føresegna.

### **§ 12. Renovatøren sine plikter**

Renovatøren er pliktig til å ta med avfall som er lagt i godkjent oppsamlingseining. Innsamling og tømning skal skje slik at det fører til minst mogleg ulempe med omsyn til støv, støy, lukt o.l. Under transport skal avfallet vera sikra slik at ikkje noko fell av eller sølar til plass eller veg. Eventuelt søl frå tømninga skal ryddast opp av renovatør.

Avfallet skal hentast etter gjeldande tømmerutine som er fastsett av Renovest IKS og kunngjort på eigna vis.

Ved endring i tømmerutinar skal abonnenten varslast i god tid og på ein tenleg måte.

### **§ 13. Abonnenten sine plikter**

Abonnenten er ansvarleg for at plassering og bruk av oppsamlingseining skjer i samsvar med denne føresegna.

Abonnenten er og ansvarlig for naudsynt reinhald og vedlikehald av oppsamlingseiningar og hentestad, samt for eventuelle skader på oppsamlingseiningane pga. feil bruk, hærverk eller liknande.

Eigar eller festar av eigedomen der det samlar seg hushaldsavfall, pliktar straks å melde frå til kommunen dersom han ikkje er i gebyrregisteret eller det vert endringar i abonnementstilhøvet.

### **§ 14. Gebyrplikt**

Abonnentar som omfattast av vilkåra i denne føresegna skal betale avfallsgebyr.

Ved registrering av nytt renovasjonsabonnement eller endring av dette, vert gebyret gjort gjeldande frå den dato kommunen har vedteke endringa.

Storleiken på gebyr og prisar for ulike tilleggstenester vert årleg fastsette av kommunen, jf. gebyrregulativet.

### **§ 15. Innkrevjing og renter**

Avfallsgebyr med tillegg for renter og kostnader er sikra ved lovbestemt pant etter pantelova § 6-1. Om renteplikt ved for sein betaling og inndringing av avfallsgebyr gjeld reglane i lov av 17. desember 1976 nr. 100 om forseinka betaling § 2 tilsvarande.

Abonnenten skal betale gebyr for kvar abonnementseining, jf. § 2.

### **§ 16. Delegering**

Renovest IKS har rett til å gjennomføra renovasjonen i samsvar med denne føresegna.

Mindre endringar i denne føresegna kan endrast av styret i Renovest IKS.

Dei fullmakter som i denne føresegna er lagt til interkommunalt renovasjonsselskap, er gjeve med heimel i forureiningslova § 83.

### **§ 17. Rett til å klage**

Vedtak etter denne føresegna kan påklagast dersom vedtaket er eit enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2b og forureiningslova § 85. Klaga vert handsama etter regelverket i forvaltningslova, jf. kap. VI.

Klaga skal sendast til kommunen. Dersom klaga ikkje vert teken til fylgje, skal den leggast fram for klagenemnda i kommunen.

### **§ 18. Sanksjonar og straff**

Ved manglande eller feilaktig sortering av avfallet i samsvar med vilkåra i denne føresegna, vil Renovest IKS gje melding om at dette må rettast. Ved graverande eller gjentekne overskridingar av sorteringsvilkåra kan renovatør nekta å tømme oppsamlingseininga før avfallet er korrekt sortert. For å unngå eventuelle helsemessige problem kan Renovest IKS for abonnenten si rekning syta for separat henting og sortering av det feilsortera avfallet.

Ved brot på vilkåra med anna abonnement enn standardabonnement, skal det betalast full avgift frå det tidspunktet feilen vart oppdaga.

### **§ 19. Tilhøve til helseføresegner**

Dei lokale helsestyresmaktene har ansvar for å sjå til at handtering av avfall skjer i samsvar med kommunehelsetenestelova, og kan på sjølvstendig grunnlag fastsetja vilkår som sikrar hygienisk oppbevaring og disponering av avfallet.

All handtering av avfall etter denne føresegna skal skje i samsvar med sentrale og lokale helsestyresmakter sine retningslinjer og vilkår.

Brot på denne føresegna kan utover dette verta straffa med bøter, jf. forureiningslova § 79 andre ledd.

### **§ 20. Dispensasjonsreglar**



A. Redusert standardabonnement:

- 1) Miniabonnement – husstand som ikkje har meir enn ein person
- 2) Heimekompost

B. Det kan søkjast om fritak frå renovasjonsordninga når:

- 1) - egedomen ikkje er i bruk
- 2) - egedomen ligg meir enn 2 km frå køyrbar heilårsveg.

Gebyret vert gjort gjeldande frå den dato kommunen har vedteke endringa.

## Del II Slam/septik

*Tømming av slam frå slamskiljarar mv. gjeld jf. forureiningslova § 26*

### § 21. Abonnten sine plikter

Abonnten skal syta for at anlegget er lett tilgjengeleg for tøming. Snø, is, jord osb. over kumloket skal fjernast av abonnten før tøming.

Den som tømmer anlegget, har rett til å plassera naudsynt utstyr på egedomen for å få utført tøminga.

### § 22. Renovatøren sine plikter

Den som tømmer skal reise frå anlegget i lukka stand. Alle sikringsordningar skal attende på plass. Renovest IKS skal varsle huseigar dersom anlegget er uforsvarleg sikra eller sikringsordning er defekt eller vart skadd ved tøming.

### § 23. Tømming av slamskiljar mv.

Renovest IKS skal i det minste gjennom annonser i dagspressa varsle om og når det vert tøming. Tømming av separate slamskiljarar skal skje slik:

Heilårsbustad med vassklosett.	Tankvolum < 4 m <sup>3</sup>	årleg tøming eller oftare.
Heilårsbustad med vassklosett.	Tankvolum ≥ 4 m <sup>3</sup>	tømming kvart andre år.
Heilårsbustad utan vassklosett.	Tankvolum < 2 m <sup>3</sup>	tømming kvart andre år eller oftare.
Heilårsbustad utan vassklosett.	Tankvolum ≥ 2 m <sup>3</sup>	tømming kvart fjerde år.
Fritidseigedom med vassklosett.	Tankvolum < 2 m <sup>3</sup>	tømming kvart andre år eller oftare.
Fritidseigedom med vassklosett.	Tankvolum ≥ 2 m <sup>3</sup>	tømming kvart fjerde år eller oftare
Fritidseigedom utan vassklosett.	Tankvolum < 1 m <sup>3</sup>	tømming kvart andre år eller oftare.
Fritidseigedom utan vassklosett.	Tankvolum ≥ 1 m <sup>3</sup>	tømming kvart fjerde år.

Felles slamskiljarar skal tømast minst ein gong per år, eller i samsvar med løyve.

Tette oppsamlingstankar skal tømast minst ein gong kvart år, eventuelt oftare om det er naudsynt. I spesielle tilfelle kan kommunen påleggje ein annan tømefrekvens

#### *Generelt*

Det skal vera køyrbar åtkomst til alle stoppunkt heile året, med minimum vegstandard - «skogsbilveg kl. 3», heilårs landbruksveg.

Alle slamavskiljarar skal tømast med avvatningsbil, og tette tankar med sugebil. Traktortøming skal ikkje brukast for nye anlegg godkjent etter at denne forskrifta er vedteken.

Anlegget skal etterlatast i lukka stand. Grinder, portar og dører skal lukkast, eventuelt låsast.

Alle tankar må vera slik plassera at høgdeskilnaden frå botn av kum til pumpa på bilen ikkje overstig 9 m.

Maksimalt slangeutlegg, utan tillegg i pris, er 60 meter.

#### **§ 24. Gebyrplikt**

Abonnentar som omfattast av vilkåra i denne føresegna skal betale slamgebyr.

Ved registrering av nytt slamabonnement eller endring av dette, vert gebyret gjort gjeldande frå 01.01 i året etter motteken søknad/melding.

Storleiken på gebyr og prisar for ulike tilleggstenester vert årleg fastsett av kommunen, jf. gebyrregulativet.

#### **§ 25. Dispensasjonsreglar**

Det kan søkjast om fritak frå slamtøming når:  
- eigedomen ikkje er i bruk.

Ved vedtak om fritak skal slamavskiljar, tett tank ol. tømast det same året

#### **§ 26. Verknad**

Føresegna vert gjort gjeldande frå 1. januar 2018

### **Vedlegg – Gebyrføresegn / berekningsgrunnlag**

Fastsett av kommunestyret i medhald av *Lov om vern mot forureining og om avfall* (forureiningslova) av 13. mars 1981 nr. 6, § 34.

(Satsane skal fastsetjast i samband med budsjetthandsaminga i kommunane for kvart nytt kalenderår).

**I. Gebyr hushaldsavfall  
jf. gebyrregulativet i den enskilde kommune**

*Renovasjonsabonnement*

A0 Grunnavgift (3x 120 l dunkar + trøyesekk/plast)	kr. A0 per år.
A1 Standardabonnement (dunkar og sekk) / gjeld berre hushald	kr. A0 * 1,00 per år.
A2 Standardabonnement med heimekompost	kr. A0 * 0,75 per år.
A3 Miniabonnement / gjeld berre hushald	kr. A0 * 0,70 per år.
A4 Standardabonnement (container) / gjeld hytte/fritidsbustad	kr. A0 * 1,00 per år.

*Abonntar som treng større volum i oppsamlingsutstyret kan:*

- levera ekstra hushaldsavfall til bemanna avfallsmottak
- abonnera på utvida ordning
- kjøpe ekstrasekk.
- få tilbud om kostnadsfri levering av «blåsekk» til bleietrengande jf. gjevne retningsliner

Abonntar som ynskjer å ha oppsamlingsutstyret meir enn 10 m frå køyrbar veg må betale fylgjande tillegg:

B1	10-25 m frå vegkant	Kr. y per tøming
----	---------------------	------------------

*Levering av avfall til mottak:*

Prisliste utarbeidast av Renovest IKS.

**II. Gebyr septik  
jf. gebyrregulativet i den enskilde kommune**

Tøming av slamskiljarar, tette tankar og feittavskiljarar:

Grunnpris ≤ 4 m <sup>3</sup>	kr. S1	per tøming / jf. gebyrvedtak
Tillegg for > 4 m <sup>3</sup>	kr. S2	per m <sup>3</sup> / jf. gebyrvedtak
Tilkøyringsgebyr (Tillegg for tøming utanom rute)	kr. S3	per tur. / jf. gebyrvedtak

*Verknadstidspunkt*

Gebyrvedtaket gjeld frå 1. januar 2018